



Stad kommune

NYTT frå Stad kommune / juni 2020

Informasjon og sommarhelsing til deg



HALVVEGS INN I 2020

Stad kommune er no vel eit halvt år, og det er tid for å fortelje litt om kva som har skjedd så langt. Det er lett å tru at mesteparten av tida har gått med til å handtere konsekvensane av koronasituasjonen då dette har krevd svært mykje av mange. Men det er likevel slik at vi også har fått gjort mykje anna av det vi planla, og vi har følgd opp mykje av det politikarane har vedteke at vi skal prioritere.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Det som kanskje får størst betydning for oss framover er at vi no har lagt ut på høring samfunnsdelen av kommuneplanen for Stad kommune. Dette er den overordna planen som skal gi retning for korleis vi ønskjer å utvikle samfunnet og tenestene våre dei neste 12 åra. Målet er at dette skal vere ein plan som kan gi retning for alle som bur her dersom dei ønskjer å slutte seg til visjonen og verdiane våre, posisjonen vi skal ta og strategiane vi skal nytte for å nå måla. Vi håper no at mange vil engasjere seg og meine noko om denne planen slik at kommunestyret kan vedta ein plan i september som det er oppslutnad om.

Dei tilsette i Stad er nøkkelpersonar for å skape eit trygt og livskraftig samfunn der vi alle dreg i lag. Vi utgjer ca 10% av innbyggjarane i kommunen og vårt livsgrunnlag er det innbyggjarane som bidreg til gjennom si skattebetaling. Det er difor avgjerande at vi forstår og tar på alvor dei behova innbyggjarane våre har. Mykje av rettane deira er heimla i lov, men det er likevel slik at politikarane i Stad er dei som prioriterer ressursbruken og seier noko om korleis dei ønskjer at innbyggjarane skal ha det.

Verdiar og visjon

Verdiar gir uttrykk for kva som betyr noko for oss. Vi ønskjer difor å bli samde om kva som skal kjenneteikne oss som arbeider i og for Stad kommune. Verdiane skal vere ein vegvisar for handlingar vi skal utføre, dei vurderingane vi skal gjere og dei haldningane vi skal innta. Det er utforma fire verdiar som er basert på innspel frå leiarsamlingar, fellesnemnda sine prosessar, fellessamling der alle tilsette var inviterte og innspel i politiske utvalsmøte i Stad.

Verdiane seier noko om kven og kva vi ønskjer å vere både som enkeltindivid, kommuneorganisasjon og samfunn. Vi ønskjer at dei skal vere styrande for måten kommunen kommuniserer og prioriterer. Dei tek opp i seg styrkane vi har og støttar opp under ambisjonen om utvikling, og dei tek samfunnet i retning av visjonen vår.

I Stad kommune ønskjer vi å vere:

NÆR - Som handlar om å vere lett å nå, open, tilstades, engasjert, villig til å delta, omtenkjam og empatisk.

RAUS - Som handlar om å vere imøtekomande, vise tillit, anerkjenne kvarandre og ulike perspektiv.

SKAPANDE - Som handlar om å vere nytenkjande, løysingsorientert, ansvarleg og strategisk.

HEILHJARTA - Som handlar om å gje av seg sjølv, ta eigarskap, strekke seg, vite at det du gjer betyr noko for nokon og gjere ting skikkeleg.

NÆR

RAUS

SKAPANDE

HEILHJARTA

For meg som øvste leiar for dykk alle er det ikkje noko som ville glede meg meir enn om de tok dykk tid til å lese framlegget til samfunnsdelen, og gjerne kome med innspel i høringsperioden. Den vil bli styrande for alle andre planar innanfor dei ulike tenestekområda, så det er viktig at de kjenner denne godt.

Eg vil då nytte høvet til takke dykk alle for stor og heilhjerta innsats i eit spesielt halvår! Det er å håpe at sommaren blir god for dykk, og at vi kan håpe på ei normalisering av samfunnet slik at vi kan møtast igjen på tvers av tenestene til hausten.

Sommarhelsing
Åslaug

Lønsforhandlingar 2020

Som følgje av den akutte samfunnssituasjonen knytt til utbrot av koronaviruset, og utsetjing av frontfagoppgjeret, er partane i KS-området samde om å forlenge hovudtariffavtalen til 15. september 2020. Det same gjeld for særavtalen SGS 2020 Pensjonsordningar og for SFS Brannavtalen mellom KS og Det norske maskinistforbund.

Partane sentralt tek sikte på å starte forhandlingane når lønsoppgjeret i frontfaget er ferdig. Industriovertenskomsten (frontfaget) er forlenga til 21. august 2020.

Det vart i 2019 bestemt av dei sentrale partane at det skulle setjast av pengar til lokale lønsforhandlingar for tilsette plasserte i lønskapittel 4, slik at kommunar som har slått seg saman får betre høve til å harmonisere tilsette sine lønningar. Det er usikkert korleis lønsforhandlingane blir i år som følgje av koronautbrotet.

Lokalt er arbeidsgjevar og organisasjonane samde om framlegg til [lønspolitisk plan for Stad kommune](#). Lønspolitisk plan vart vedteke i Stad kommunestyre den 18. juni 2020. Partane har i all hovudsak vore samde om den lønspolitiske planen, men vi har ikkje blitt samde om harmonisering av kompetansetillegg, funksjonstillegg og pedleiar tillegg for tilsette plasserte i lønskapittel 4 skal takast frå lokal lønspott, eller om arbeidsgjevar må ta denne kostnaden. Som følgje av usemja er det utarbeidd vedlegg til den lønspolitiske planen, der tilleggga kjem fram. Tillegga er per no differensierte ettersom ein er tilsett i tidlegare Eid kommune eller Selje kommune, sjå lønspolitisk plan for Stad kommune

Arbeidsgjevar og organisasjonane arbeider også med å få oversyn over tilsette sine lønningar i kommunen for å harmonisere desse. Vi vil saman i august 2020 starte arbeidet med å lage ein plan for harmonisering av lønningar.

Compilo - i ny utgåve!

Stad kommune er godt i gang med å bruke den nye versjonen av kvalitetssystemet Compilo. Compilo samlar alle våre dokument, prosessar og styringsinformasjon i eitt, oversiktleg system.

- Vi har i løpet av våren gjennomført fleire økter med undervisning for leiarar, verneombod, forfattarar og brukarar av systemet, seier Wencke Berget, systemadministrator for Compilo i Stad kommune. Fokuset har vore å vise korleis vi kan nytte oss av dei ulike modulane i systemet. Vi har i undervisninga framheva bruken av dokument- og avviksmodule.

Skal systemet fungere etter hensikt er det viktig at alle nye prosedyrar, reglar, retningslinjer m.m. vert lagt inn i dokumentmodulen, og at tilsette melder avvik som er med å forbetre kvaliteten på tenestene våre og arbeidskvardagen for dei tilsette. Alle tilsette har tilgang til Compilo gjennom Stad kommune sitt fagsystem. Er det noko du treng å vite om våre styringsverktøy, så finn du dette her.



” Det er usikkert korleis lønsforhandlingane blir i år som følgje av koronautbrotet.

Heidi Kroken Bruland, personalsjef Stad kommune



KS Læring - kunnskap og kompetanseheving i Stad kommune

Stad kommune er i gang med KS Læring, og fleire tilsette har allereie fullført e-læringskurs. KS Læring er den nasjonale løysninga for deling av kunnskap og kompetanseheving for tilsette i kommunar og fylkeskommunar.

-Kompetansetiltaka som ligg i KS Læring omfattar både arrangement, nettkurs og samhandlingsforum. Stad kommune vil i fyrste rekke ta i bruk nettkursa – gode, relevante kurs for alle tilsette – og kurs tilpassa dei ulike fageiningane. KS Læring har samla mykje god kunnskap og kompetanse som er gjort lett tilgjengeleg for oss. Ikkje minst er fleksibiliteten når det kjem til gjennomføring viktig. Dei tilsette kan ta kursa når dei finn tid, ein er ikkje avhengig av å binde opp tid til felles kursdagar. Dette gjer også at fleire kan gjennomføre kurs, seier Vivian Hellebust Sæten, rådgjevar for Personal og kommunikasjon.

I høve korona har dei fleste tilsette i Stad kommune fått ein første introduksjon til KS Læring gjennom kurs for smittevern, handhygiene og smittevernrutinar. Svært mange har fullført og gjeve tilbakemelding på at dette var ein god og effektiv måte å tileigne seg kunnskap.

Vi ser fram til å ta i bruke KS Læring i større utstrekning. Basen inneheld mange nyttige kurs, men vi tek også sikte på å utvikle egne skreddarsydd kurs for Stad kommune. Ei prosjektgruppe har no gjennomført kurs i innhaldsproduksjon og vil starte opp å produsere egne kurs på utvalde område.




KS Læring inneheld mange nyttige kurs, men vi tek også sikte på å utvikle egne skreddarsydd kurs for Stad kommune. Heidi Kroken Bruland fv, Vivian Hellebust Sæten, og Anne Ruth Botn Bjørlo er tre av seks som sit i prosjektgruppa for KS Læring.

Framsikt - webløysing for rapportering

I overgang til ny kommune har Stad teke i bruk eit nytt verktøy for analyse, planlegging, budsjettering, rapportering og verksemdstyring.

-Foreløpig er modulen for økonomirapportering i drift, og første [øk.rapport - 1. tertial](#) er no publisert og gjort tilgjengeleg gjennom Framsikt si webløysing. Framsikt gjev effektiv støtte og god oversyn i arbeidet med rapportane, seier Monica Sjøstad, økonomirådgjevar i Stad kommune. All økonomirapportering vil heretter skje via Framsikt, og på sikt vil vi også bruke dette systemet i budsjettarbeid og årsrapportering.



Kommunale planar

Framsikt utvikler i 2020 ein ny modul for kommunal samfunnsplanlegging der kommunen kan utarbeide digitale kommunale planar. Planmodulen vil vere klar i 2021.

Eit fagsystem for kommunale planar vil hjelpe kommunane til å gjere planar til eit betre leiingsverktøy, rasjonalisere arbeidet med å lage, forvalte og implementere planane. I tillegg til å digitalisere sjølve arbeidet med planprosessen ved samhandling og publisering, vil modulen synleggjere den raude tråden mellom kommune-, handlings- og økonomiplan.

Framlegg til samfunnsdel på høyring og offentleg ettersyn

Formannskapet vedtok 15. juni å leggje framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen har høyringsfrist 15. august og skal endeleg vedtakast i kommunestyret 10. september.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin overordna plan og skal vere førande for kommunen si verksemd. Det er difor viktig at innhaldet i planen gir retning for utviklinga i Stad kommune. Offentleg ettersyn av planforslaget skal sikre at alle får uttale seg før endeleg vedtak.

Tilsette, innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar, næringslivet og andre er no inviterte til å kome med innspel til forslag til planen (www.stad.kommune.no for meir info).

- Vi håpar flest mogleg tek seg tid til å lese planen og gje innspel på denne. Korleis vil vi at Stad kommune skal utvikle tenestene, legge til rette for samfunnsutvikling og løyse oppgåvene best mogleg i åra som kjem? Samanslåingsprosjektet gav oss ei retning å gå etter, så vi trur mykje i planen skal stå slik det er. Men vi håpar debatt vil gje oss tilbakemeldingar slik at vi kan sjå om vi er på rett spor og gjere viktige korrigeringar, seier samfunnsplanleggjar Cecilie Åshamar.

Hovudelement i framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel:

Visjonen

Verdas beste vesle stad viser retninga for utviklinga fram til 2032.

Posisjonen *Distrikstpioner* skal setje Stad på kartet og styrke utviklingskrafta vår.

Verdiane som skal kjenneteikne oss:

- Nær
- Raus
- Skapande
- Heilhjarta

Samfunns målet

Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.

Strategiske satsingsområde for samfunnet vi skal skape i planperioden.

- Heilskapleg og effektiv
- Samskapande og inkluderande
- Nyskapande og kompetent

Arealstrategien skal bidra til at måla i samfunnsdelen kan realiserast gjennom arealpolitikken.



[Les planen her!](#)

Medisinsk avstandsoppfølging i Stad kommune

Stad kommune er ein av seks kommunar som testar ut medisinsk avstandsoppfølging av pasientar med kroniske sjukdomar. Kommunane arbeider med prosjekta på oppdrag frå Helsedirektoratet. Noverande prosjekt blir avslutta 30.06.2021.

- Målet er å lage nasjonale retningslinjer for korleis medisinsk avstandsoppfølging skal utførast. Målsettinga er at pasienten skal føle deg trygg, førebygge forverring av sjukdom ved å identifisere symptom tidleg og å sette i gang tiltak tidleg, seier Anne Ruth Botn Bjørlo, prosjektleiar for piloten i Stad kommune.

Kva er medisinsk avstandsoppfølging?

Avstandsoppfølging er bruk av teknologisk løysingar som gjer at pasientar kan følgjast opp av helse- og omsorgstenesta i eigen heim.

Helsepersonell gjennomfører ei kartlegging og lagar ein plan for individuell oppfølging saman med pasienten. Det blir utarbeidd ein eigenbehandlingsplan saman med fastlegen som har det medisinskfaglege ansvaret. Det er også fastlegen som avgjer kva type måleutstyr pasienten treng.

Pasientane utfører avtalte målingar i eigen heim og svarer på enkle spørsmål om helsetilstanden sin via eit nettbrett. Helsepersonell gir rettleiing og oppfølging anten ved telefonsamtale eller via meldingar på nettbrettet til pasientane. Seinare vil ein også kunne ha avtale møte via video.

Resultata vert overført til ei oppfølgingsteneste som føl med på pasientane sine målingar. Oppfølgingstenesta gir medisinskfagleg støtte og rettleiing ut frå pasienten sine behov for oppfølging.

Avstandsoppfølging føregår i eit samarbeid mellom pasienten, fastlegen, kommunen – og spesialisthelsetenesta.

Resultata så langt

Brukarane si kjensle av auka oppfølging, tryggleik og kontroll over eiga helse er markant betra ved bruk av avstandsoppfølging.

- Enkelte av brukarane fortel at dialogen med helsepersonell blir betre, og fleire melder at dei før dei tok i bruk måleutstyr heime oftare tok kontakt med fastlegen grunna manglande forståing av eiga forverring, seier Anne Ruth.

Auka innsikt i egen helsetilstand er ein sentral drivar for å unngå forverring og oppnå ønska helseeffekt, og er eit døme på mobilisering av pasientane sine egne ressursar. Målet er at helsetenestene skal få betre tid til å hjelpe dei som er mest sjuke og hjelpetrengande.

Oppfølging av Covid-19 pasientar i Stad

Stad kommune har kjøpt inn verktøy som gjer det mogeleg å følgje opp innbyggjarar med mistanke om Covid-19 smitte og for innbyggjarar med stadfesta smitte. Dette verktøyet er basert på same plattform som medisinsk avstandsoppfølging - så systemet er kjent for mange i kommunen.

Ein annan viktig funksjon er at helsetenesta kan sende ut fortløpande informasjon på ein enkel og effektiv måte. Dette har vist seg å vere ein viktig del av totalpakken, at pasientane kjenner seg trygge og tekne i vare.



Anne Ruth Botn Bjørlo, leiar for pilotprosjektet i Stad kommune.

Redusert fare for smitte hos helsepersonell og andre pasientar er også ein viktig gevinst av den digitale oppfølginga. Pasient og helsepersonell unngår unødvendige reiser eller fysisk kontakt.

Gjennom pilotprosjektet har vi fått ny, nyttig erfaring og kunnskap om korleis vi skal utvikle framtidige helseteneste på ein effektiv og godt måte - både for innbyggjarane og tenestene. At tenestene sparar tid dei kan bruke på dei som er mest sjuke og hjelpetrengande er ein stor fordel. Prinsippa for avstandsoppfølging kan i stor grad også nyttast i utviklinga av andre tenester.

GOD SOMMAR!